



Kjell Tunesvik og Per Fausk med bilen som no skal skiftast ut. Nybilen vert ikkje presentert offentleg før laurdag.

Neste laurdag vert ein stor dag for branntryggleiken - ikkje berre i Uskedalen og Herøysund, men i heile Kvinnherad. For opninga av ein opprusta brannstasjon og presentasjon av ein ny brannbil er eit stort pluss for heile kommunen. Det er ikkje mange dagar sidan troppen i Uskedalen rykka ut heilt til Sunde på ein brann. Denne laurdagen skal det markerast ved Open Stasjon at det er gjort eit stort løft for tryggleiken. Og det er brannfolka sjølve som har gjort det - mellom anna gjennom 900 dugnadstimar og ved avkall på godtgjersle.



Då gamle bilen var kjøpt i 1975 kjøpte kommunen 3 like bilar på ein gong

Tropen i Uskedalen med sine 9 mann har vore i ein tunn tråd og truga av nedleggjing 2 gonger men no får vi tru at det heretter vert eit uaktuelt tema også for politikarane.

Brannfolka har slite lenge med brannbilen som vart kjøpt i 1975, ein Land Rover. No skal den byttast ut med ein Scania P93, ein 1990-modell som har ein vasstank med plass til 3400 liter. Det er eit krav at ein slik bil skal ha minst 2000 liter ved utrykning, Det gjer det mogleg å angripe ein brann effektivt før røykykkjarane rykkar inn og ein sparar mange verdifulle minuttar.

Bilen er kjøpt i ein spesialbutikk i Flekkefjord. Den vart sist nytta som utleiebil i Vadsø og er no totalrenovert leia av Per Fausk, med mellom anna ny lakk og blåljøs, Kjøpesummen var 250 000 kroner.

Det vert gjennomført eit unikt spleiselag.

For å finansiera satsinga gjekk branntropen til et uvanlege steg å gje avkall på godtgjersla for personsøklarane i 2 år og det sikra 160 000. Vidare har næringslivet i Uskedalen, Herøysund og Omvikdalen lagt inn 36 000. Kommunen ved brannsjef Grete Nesheim og Rune Hansen har lagt for dagen stor velvilje og bidreg mellom anna med utstyr. Det var eigentleg ikkje meininga å fri til næringslivet, men ein vart nødt til det på grunn av dei store kostnadane.

Gamlebilen reknar dei med vil bli seld lett som veteranbil.

Prosjektet var avhengig av at det vart gjort eit stort inngrep i ein elles triveleg brannstasjon - senking av golvet med 35 centimeter for å få plass til den nye bilen. Det måtte til og med sprengjast fjell og 450 dugnadstimar gjekk med.

Branntropen vonar at mange kjem til innvinginga av renovert stasjon og bil neste laurdag klokka 12. Det vert servert kaffi og kaker.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen